

Eit nytt blad på Aasen-mål

Bladet Målmannen hev vore i emning lenge. Bladet er fostra av arbeidet med bladet Vestmannen. Dei unge som kom med i arbeidet med Vestmannen hadde tydeleg nok andre trongar og ynskemål til eit blad enn fleirtalet i Vestmannalagsstjorni. Det vart klårt i bladstyrartidi åt Lars Bjarne Marøy, og det kjem truleg til å verta klårare i tidi som kjem.

Dei målpolitiske skiljelinone millom Vestmannen og Målmannen kjem ikkje til synes på yta, men me trur ikkje ein skal grava djupt for å finna deim. Målmannen skal vera eit organ for ordskifte og refleksjon kring målsak og andre aktuelle spursmål. Me ynskjer å opna for artiklar som søker djupare enn til berre skildringar av dagnære saker. Me vil frigjera oss frå ein tradisjon der framhevjing av kringværet i Vestmannalaget og Bjørgvin er ei viktig sak. Målmannen skal vera eit blad for heile landet, der alle landsluter og målfolk stend på like fot. Helder enn å dyrka gamle heltar vil me leita oss fram til nye framtidssynar for målreisingsarbeidet.

Bladet siktar seg inn mot reflekterande menneske som søker etter nye tilnærmingar til målsaki. Skal målsaki og serleg høgnorsk-saki hava nokor framtid, meiner me at det må skapast eit medvit millom folk som vil strida for Aasen-målet i dag, utan umsyn til fastlæste posisjonar.

I haust kjem Målmannen med 3-4 nummer, det skil seg litt på oppslutnad og tilgang på artiklar. Frå nyåret er det meiningi at bladet skal koma med same utgjevingsruta som Vestmannen hadde i styringstidi åt Marøy, det tyder utgjeving kvar månad. Dette fyrste nummeret sender me åt folk som me trur vil vera forvitne etter bladet. I utgangspunktet er det eit vågsamt tiltak å setja i gang med eit nytt blad, men det økonomiske grunnlaget er til stades fyrstundes. No vonar me berre at de som les bladet, vert nøgde, og at de vil tinga det. God lesnad!

Olav Torheim, Klaus Johan Myrvoll og
Lars-Toralf Storstrand



Årsmøte i Vestlandske Mållag

Ein ungdomleg flokk utsendingar var samla til årsmøte i den væne bygdi Borkne i Bremanger i Nordfjord laurdag 29. juni. Dette var fyrste gongen på mange år at årsmøtet i Vestlandske Mållag vart skipa til for seg sjølv, og det syner at det er større vilje attum å driva aktivt målarbeid no enn fyrr.

Årsmøtet var merkt av mange gode innspel og av at unge og tiltakssame høgnorsk-folk var samla. Millom emni som vart dryfte var ordbøker og ordlistor på høgnorsk og skriveskeid for ungdom, og det vart vedteke ei fråsegn um statleg målbruk, som er attgjevi inne i bladet.

Les meir på sida 14

I dette nummeret:

Ole Jakob Totland:	I-mål = bømlamål?	s. 2
Klaus Johan Myrvoll:	Skal Språkrådet kløyva i-målet?	s. 3
Helge Liland:	Respekt for menneskeverdet	s. 4
Lars Bjarne Marøy:	Umedviti læring	s. 5
Anders Moe:	Bok frå nynorsk-mafiaen	s. 6
Torill Hjartåker Hauge:	Frie menn bed ikkje grannen um ord – islensk måldyrking	s. 7
Lars-Toralf Storstrand:	Reise det som velt er?	s. 8
Magne Myhren:	Vinje um løgmålet	s. 9
K. E. Steffens:	Anders Hovden – frilynd prest, men ingen liberal teolog	s. 10
Johannes Gjerdåker:	Nokre dikt av Heinrich Heine	s. 11
Klaus Johan Myrvoll:	Korso kunde dei gjera noko slikt?	s. 12
Vegard Aa. Langvatn:	Vellukka årsmøte i Vestlandske Mållag	s. 14
Olav Torheim:	35 år fær vera nok	s. 15
Trygve Orheim:	Timberkøyraren	s. 15
Anders Moe:	Noko um eit skulemålsordskifte i Bjørgvin	s. 16

I-mål = bømlamål?

Av Ole Jakob Totland

Gøymt og gløymt etter 64 år som side-former, er i-målet so godt som dautt i norsk skule. Altfor få nyttar i dag desse opphavlege formene, men dette er vel i grunnen ikkje so løgje. Gjennom eit liv i klamme- og sideform, og endåtil med forbodsstempelen sumtid, hev det vorte som reinska ut or skriveupplæringi. Og når borni ikkje lærde i-målet, so vart dei oppveksande ættledene med kvart vande med a-mål. Dette vart gjort som ein lekk i samnorskplanen, som gjekk ut på å sam-eina nynorsk og bokmål til eitt mål.

Kva er det so som er so bra med i-målet? Kva fyremuner hev det som ikkje a-mål hev? For å svara på desse spurs-måli er det naudsynt å vita kva tilnærming ein hev til målet. Skal me freista å strekkja oss etter eit sams mål, med sams formverk, for heile landet, eller skal me halda oss til formene og skrivemåtane som ligg nærast vårt eige målføre? Eg for min del held meg til fyrstnemnde. Noreg skulde hava eitt mål, og til dessa hev ingen kome upp med ein betre samnemnar for alle norske målføre enn han Ivar Aasen. Til dette målet høyrer i-formene. Men òg dei som sver til sidstnemnde tilnærming, skulde etter mi meining halda seg til i-mål.

For å klårgjera denne syni er det turvande å syna korleides dei ser ut, desse formene eg masar um. Det er hokyn- og inkjekynsordi som skil seg frå a-målet. I



hokynsordi skil me millom dei linne og dei sterke. Dei linne er dei som endar på sjølvlyd (vokal), og skal bøygjast soleides: *ei kaka, den kaka, mange kakor, alle kakone*. Dei sterke hokynsordi bøygjer me *ei stund, den stundi, mange stunder, alle stundene; ei bok, den boki, mange bøker, aller bøkene*.

I inkjekyn skal ein bøygja alle ordi likt, med nokre undantak (*hjarta/hjarto, øyra/øyro, hyrna/hyrno* og nokre fleire). Bøygjingi er slik: *eit hus, det huset, mange hus, alle husi; eit eple, det eplet, mange eple, alle epli*. Hankyn er som a-målet.

No tenkjer mange kann henda at bømlamål sovisst ikkje læt slik. Me segjer korkje *boki, husi* eller *kakone*. Det er sanning, men me segjer då ikkje *boka* eller *husa* heller, so det vert like gale. Når det gjeld *kakone*, so er det nok mest talemålsnært å skriva *kakene*, men gjerer

ein dét, taper ein eit sjølvlyd (ø) som gjerer mykje for variasjonen. Men tek folk i-ane i bruk, er vinningi stor likevel.

Det som gjerer desse i-formene til dei rettaste i høve til bømlamålet, er nettupp skilet millom dei linne og dei sterke hokynsordi. Dette vert òg gjort i bømlamålet, um skilet ikkje er so berrsynt. I bundi form eintal heiter det på rett bølamål *den bokjo* (eller *-å*), men det heiter *den kako*, og ikkje *kakjo*. Denne skilnaden kjem ikkje til synes i a-målet, der er bøygjingi lik, *boka/kaka*. Her er det inkje som tyder på at det skal vera ulik uttala. I i-målet derimot vert uttala rett, for når ein *i* kjem etter bokstavane *g* og *k* skal dei hava ei j-fengjing, jf. *kino, kista, gifte, gilde* og so frametter.

I-målet er altso rettast i høve til talemålet på Bømlo, og leitar du nøgje i dei gjeldande ordbøkene for nynorsk, so skal du sjå det stend einkvan staden at det er tillate med, um ordbokskrivarane hev gjort sitt beste for å dylja det. Difor skulde me atter taka upp dei gamle gode formene. Sjølv skriv eg jamt etter ein varsamt justera Aasen-normal (med eitt og anna personleg avvik), ofte kalla høg-norsk, som òg inneber i-former. Det vore visseleg best um alle fylgde etter di, men det skal eg ikkje krevja ved dette høvet.

Dette stykket stod fyrste gongen på prent i Bømla-Nytt 03.04.2002.

Skriftmålsstemna på Stord

Helgi 1.–3. november skipar Stord Mållag til «Nynorsk skriftmålsstemna» på Stord. Siktemålet med stemna er å setja kveik i målfolket og reisa undring og nyfikna kring nynorsk og målsak. Ikkje minst vil tilskiparane slå eit slag for kritisk sjølvforståing og kann henda brjota gjengs vanetenkjing. Ingen av oss maktar å gripa tilveret i si nakne tilversform (eksistens); me tolkar verdi – og livet – gjennom symbolske forståingsformer. Soleis: Ingen feller domar utan fyrerdomar. Difor vil sume av oss slå av radioapparatet når andakten byrjar sundags fyremiddag; me meiner å vita so altfor vel, kva som kjem til å verta sagt. Andre vil snu det dauve øyra til når dei høyrer nynorsk, atter andre fell ut når dei ser ser-skilde utgåvor av nynorsk skrift (denne!). Dei hev – ein gong for alle – gjort seg

upp ei meining um kva kanalane stend for, slik me meiner å vita noko um sjåførar – med hatt – i trafikken. Sjølv ligg me gjerne på hornet so snart me fær syn på slike fårlege trafikkfellow på vegane.

Difor kjem fyredragshaldarane – med og utan hattar – frå ulike hald. Bokmålsfolk, samiske representantar og nynorsk-ingar og målfolk, nystavarar og gamlastavarar, til liks med poetar og vrangpeisar, skal ordsiftast um språk og identitet.

I dag stend nynorsken – i alle sine utgåvor – under skotmål frå det rådande bokmålet, som me lyt tevla med. Krevst det ein interessekamp for nynorskbrukarane eller ein strid for den norske kultur- og målarven? Striden for det nynorske skriftmålet er programmatisk ein kulturkonserverativ strid av ideologisk opphav. Visjonen um fedramålet slik

fløgvitet Ivar Aasen såg det, kann ikkje yverliva utan at aasenmålet vert elska og odla fram. Stoda er ikkje den beste, men um viljen finst – til strid – segjer me med Aasen: Me skal koma um inkje so brått.

Av fyredragshaldarane kann me nemna Klaus Johan Myrvoll, Ola Breivega, Johannes Gjerdåker, Karsten Alnæs, Rolf Theil-Endresen og Lars Amund Vaage.

Emni for stemna vert tilhøvet millom talemål og skriftmål, den bokmåliserte nynorsken no etter at tilnærmingssparagrafen er kjend daut, «Attende til aasenmålet?» og ordsifte um det ideologiske opphavet åt norsk målreising.

Målmannen kjem attende til programmet i neste nummer, men alt no vil me oppmoda lesarane um å melda seg på til Stord mållag ved Vincent Eye Færavaag, tlf. 53 41 58 20, epost: viefæer@online.no

Skal Språkrådet kløyva i-målet?

Av Klaus Johan Myrvoll

På umframt møte i nynorskdeildi i Norsk språkråd 13. mai vart det vedteke at skipnaden med sideformer i nynorsken skal falla burt. Frametter skal alle godkjende former i rettskrivingi hava lik status og kunna nyttast av alle, sameleides som i bok-målet. På same møtet vart det gjort eit fyrebils vedtak um korso den nye rettskrivingi skal sjå ut, der framlegget som gjekk lengst i retning av å opna upp for fridom i val av former og skrivemåtar, vart lagt til grunn. Gledelig for folk med vurdning for den nynorske litterære tradisjonen var både i-formerne (*sol*, *åri*, ei *opi* dør) og endingarne *-or*, *-one* i linne hokynsord (*visor*, *konor*) med i dette framlegget. Men i ihugen etter å skjera ned på valfridomen, og etter framlegg frå leidaren i Språkrådet, Jan Olav Fretland, gjorde deildi vedtak um å taka burt *-or*, *-one*, men lata i-formerne standa.

I den nynorske skrifttradisjonen fylgjest desse tvo serdrag i åt mesta allstødt. So godt som alle som hev nytta i-former, hev samstundes nytta endingarne *-or*, *-one*, sume *ur*, *-une*. Det gjeld grunnlegjaren Ivar Aasen og skaldar som Aasmund Olavsson Vinje, Elias Blix, Arne Garborg, Per Sivle, Anders Hovden, Olav Aukrust, Aslaug Vaa og Olav H. Hauge, og det gjeld alle deim som nyttar desse formerne i dag. Det er ålmenn semja um at det er desse tvo serdrag i *lag* som utgjør det me kallar i-målet, og ikkje berre sjølve i-formerne, og det vart stadfest av departementet i samband med 1938-målbrigdet.

Det som sermerkjer i-målet er at det skil millom sterke og linne hokynsord, der dei sterke er dei som endar på medljod (*bygd*, *sol*), men dei linne er dei som endar på sjølvljod (*visa*, *kona*). Det heiter den *bygdi*, men den *visa*, og mange *bygder*, men mange *visor*. Denne samlivnaden av eintals- og mangtalsformer finst i dei fleste målføri som skil millom sterke og linne hokynsord òg, i eit belte i Midlandet frå Indre Agder og Sætisdal i sud til Romsdalen og Nordmøre i nord, og dessutan i eit område i Ytre Namdalen og på Helgeland.

Ut ifrå skrifttradisjonen, bygningen i målet og utbreidsla i målføri er det beint fram meiningslaust å skula skilja desse tvo



drag i frå einannan. Det einaste argumentet som kom fram på møtet 13. mai, var utbreidsla i *Nynorsk frekvensordbok* (1989): i-formerne var nytta i 1% av tilfelli der det var mogelegt, men endingarne *-or*, *-one* var «berre» nytta i 0% av tilfelli! Denne nærlesingi av frekvensordboki må segjast å føra nynorskdeildi på ville veger. Det er mykje tilfellelegt kva for nokre skrifter som hev kome med, og skorten på *or*-former kann rett og slett koma av at sjølve bøygingi (mangtal av linne hokynsord) er meir sjeldsynt. I staden for å ganga seg burt i tal og frekvensar, bør nynorskdeildi sjå på korso ein-skildmenne hev nytta og nyttar målet, og det er eintydigt med umsyn til i-målet.

I røyndi er i-formerne og endingarne *-or*, *-one* ein lut av ein større målrikdom der dei fulltonande sjølvljodarne *a* (å *vera*, ei *kona*, eit *auga*, *hestar*), *i* (*sol*) og *u* elder *o* (*ruskut*, *vitug*, *visor*, *augo*) skifter med einannan i endingar. Denne skiftingi gjev ein sjeldsynt rik velklang som sermerkjer Aasen-målet, og som minner um det svenske riksmålet, som ofta vert påansa for ljodrikdomen sin. I statsstyrd nynorsk hev desse full-ljodarne vorte skorne undan elder gjorde valfrie i stendigt fleire ord og bøygingsformer. Det hev vore til meins for vænleiken i nynorsken, og gjort honom til eit mål med færre avskyggjingar.

Det er ikkje noko argument mot eit heilt i-mål at det kjem til å skapa ugreda i innlæringi av målet. Gjennomføring i av desse endingarne fylgjer ein einfelt regel, og ingen kjem til å blanda deim saman med a-målet, som hev *bygda* og *viser*. Ein vel seg eit mynster, og gjennomfører det. Millom 1917 og 1938 var desse tvo bygningarne (a- og i-mål) jamstelte, men det vart aldri noko rot for det. No når klombrerne skal takast burt, er det høve til å gjeva i-målet jamstelt rom i rettskrivingi att, og då må det vera i heilt stand. Det skal gjerast endelegt vedtak i saki på årsmøtet i Norsk språkråd i 2003, og då bør både i-formerne og endingarne *or*, *-one*, saman med andre merke på nynorsk serhått og ljodrikdom (ei *kona*, *ruskut*), vera med i framlegget.

Målmannen

Tilskrift:

Målmannen
Postboks 49 Blindern
0313 Oslo

Bladstytar:

Olav Torheim
Dyrgravvegen 21E
3617 Kongsberg
olafr@online.no

Tingar- og lysingsandsvarleg:

Klaus Johan Myrvoll
Nedre Ullevål 9-322
0850 Oslo
klausjon@online.no

Grafisk utforming:

Olav Torheim
Lars-Toralf Storstrand
(rabbixl@frisurf.no)

Netstad:

maalmannen.sambandet.no

Bladet kan tingast ut året for
kr 100,-.

Bankgiro 2291.14.45666

Målmannen fylgjer redaktør-
plakaten.

Ivar Aasen-sambandet

Ivar Aasen-sambandet er landssamskipnaden åt høgnorskrørsla. Sambandet arbeider for måluuplysning, måldyrking og målreising. Sambandet krev fulle rettar for nynorsk i Noreg, og krev i nynorsk full jamstelling for i-målet som Ivar Aasen valde. Sambandet hev ei sergjerning i norsk målrørsla; både lag og einskilde kann vera med. Skriv deg inn!

Innmelding til formannen:

Klaus Johan Myrvoll
Nedre Ullevål 9-322
0850 Oslo
Tlf. 900 26 380
Epost: klausjon@online.no
http://www.sambandet.no
Giro 0814 20 27 209

Respekt for menneskeverdet

Av Helge Liland

Årsmøtefyredraget på årsmøtet for Hordaland folkeakademi onsdag 19. juni 2002 var ved Tore Frost, og hadde tittelen «Respekt for menneskeverdet – kva meiner vi med det?». Tore Frost er filosof ved Universitetet i Oslo.

Han innleidde med å segja at det hev hendt mykje når det gjeld menneskerettane og norsk lov dei seinste åri. Til døme nytta han den nye lovi um pasientrettar, § 1-1, der det stend millom anna:

... ivareta respekten for den einskilde pasienten sitt liv, integritet og menneskeverd.

Vidare stend det i Lov um psykisk helsevern:

... respekt for menneskeverdet.

Dette er noko heilt nytt i norsk rettspraksis. Men kva tyder «respekt»? Kva meiner me med respekt? Nemningi respekt kjem frå latin *spici* eller *spectare*, som tyder å sjå. Det latinske ordet *respectare* tyder å sjå um att, eller å sjå på nytt. Ein kan difor segja at å respektera tyder å sjå um att vår måte å sjå ting på. Han sagde vidare at me må vera merksame på våre eigne fyresetnader og vantar. Kva meiner me so med verdet åt menneskja? Grunnlaget for å skyna det er at menneskja skil seg kvalitativt frå alt anna liv. Menneskja er unik. Kva byggjer me det på? Tradisjonelt hev det vore tvo svar på dette spursmålet:

1. Det fyrste svaret byggjer på den klasisiske antikke humanismen. Dette var ein sekulær humanisme som leder fram mot humanetikken. Menneskja er unik i kraft av fornufti. Menneskja er den einaste skapningen som kann taka frie val. Toleranse er viktugt, og menneskja er ein skapning som tenkjer.

2. Det andre svaret byggjer på den religiøse arnestaden, frå dei tri monoteistiske religionane: kristendomen, jødedommen og islam. Menneskesyni er stort sèt lik i dei tri religionane, jamvel um gudsumgripi kann vera ulike. I 1. mosebok stend det at menneskja vart skapt i Guds bilæte.

Det store spursmålet er kven det er som hev den gode og rette fornufti. For det er klårt at det finst dårleg og gali fornuft òg.

Dette er ikkje ei privatsak. Det er og dei andre si sak. Eit stort problem er kva som hender dersom einskilde grupper kjem på kollisjonskurs med autoritetane, og vert stigmatiserte. Det hev millom anna hendt i høve til grupper som:

- samar
- roma
- psykiatriske pasientar
- psykisk utviklingshemja

Dette fører til at slike grupper misser verde. Den religiøse tradisjonen gjeng helder ikkje fri. Ein kann få ein konflikt millom Guds autoritet og menneskeverdet. Som eit døme på dette nemnde Tore Frost måten USA handsama fangane på Cuba etter felttoget i Afghanistan. Fangane vert ikkje rekna for å vera krigsfangar, jamvel um USA reknar seg for å vera i krig. Dette hev med den religiøse dimensjonen i amerikansk politikk. Handsamingi av fangane kan synast lik ei moderne heksejakt, og fangane vert rekna for ikkje-menneske.

Etter krigen fekk me ei oppgjerd med den tyske nazismen og den italienske fascismen, som nøra upp under ein menneskeforakt som kuliminerte i utrydningi av jødar og andre minoritetar. Kunngjeringi av menneskerettane, som kom i 1948, var dramatisk. Det viktugaste som stend i denne kunngjeringi, stend i fyrste avsnittet. Der vert det millom anna nytta umgrip som «ibuande verde» og «uavhendelege rettar». Dokumentet kann sjåast som ei oppgjerd med menneskeforakten i den andre verdskrigen, og vart utarbeidd av ei nemnd leidd av Ellinor Roosevelt. Ho var vél kvalifisert for dette arbeidet etter millom anna å ha fenge jødar inn i USA og stade i leidingi for hjelpearbeid. Det gav henne godt grunnlag for å arbeida med kunngjeringi av menneskerettane. Det vart dana eit nytt vokabular, og dei fleste kunde skriva under på dokumentet, jamvel um dei kunde hava ulike grunnar for å gjera det. Ein fekk ei form for semja.

Eit anna spursmål er um det er rett at menneskja er unik, og kva me i so fall byggjer det på. Det er ikkje noko fasitsvar på dette spursmålet. Men den norske rettsstaten hev fenge eit nytt ankerfeste. Borni hev fenge ein ny rettssituasjon. Individet hev fenge eit verde alt frå fødselen, men det hev òg skapt vanskar, slik me millom anna kann sjå i abortordskiftet i dag. Den europeiske menneskerettskonvensjonen

frå 1950 slær millom anna fast:

... alle menneske hev grunnleggjande rettar i kraft av menneskeverdet sitt.

Den tidlegare umsetjingi av kunngjeringi av menneskerettane hadde ikkje med umgripet «ibuande menneskeverd». Difor vart det ikkje noko ordskifte um dette.

Av dei internasjonale instrumenti når det gjeld menneskerettar som er vortne inkluderte i norsk lov, er:

- Kunngjeringi av menneskerettane (1948)
- Den europeiske menneskerettskonvensjonen (1950)
- Europadomstolen
- SN-konvensjonane om:
 - a) sosiale, kulturelle og økonomiske rettar
 - b) politiske og sivile rettar
 - c) rettane åt borni

Det etiske fundamentet for menneskerettane er:

- 1 retten til informasjon og samtykkje på friviljugt grunnlag
 - 2 respekt for alle menneske sin autonomi
 - 3 respekt for alle menneske sin integritet
- Det gjeld òg retten til ikkje å verta informert.

Respekten for integriteten åt mennesket, kva er det? Umgripet «integritet» kjem frå latin *integritet*, som tyder 'sunn'. Det latinske ordet *integer* tyder 'fullstendig' eller 'heil', medan ordet *tegrita* tyder 'skade' eller 'krenkjing'. Integritet tyder difor 'ukrenkjelegdom'.

I ordskiftet etterpå sagde Arne Øi at utviklingi hev gjenge frå tilhøvet millom nasjonar til tilhøvet millom nasjon og menneske. Franzie Lerch sagde at respekt må byrja med deg sjølv. Ho sagde vidare at ein ofte kann møta seg sjølv i døri. Ein kann ikkje ha respekt for andre dersom ein ikkje hev respekt for seg sjølv. Dette har med haldningar å gjera, og å læra er å uppseda. Oddvar Johan Jensen tok fram eit teologisk perspektiv. Borgny Johannessen kom innpå at mange gamle vert neitta operasjon av di dei vert rekna for å vera for gamle. Kvar er menneskeverdet? Det same gjeld psykisk utviklingshemja. Ho avslutta med å segja at me må rydja upp i vårt eige bu fyrst.

Umedviti læring

Av Lars Bjarne Marøy

Helge Sandøy, som er professor i nordisk målvitenskap, hev eit innlegg i *Dag og Tid* 25. mai um normeringsspursmålet i nynorsken. Han er millom anna glad for at Noregs Mållag segjer at dei vil hava ein romsleg nynorsk som opnar for regional variasjon og for at målet hev ein identitetsfunksjon. Sandøy meiner valfridom er eit gode for nynorsken. Han hevdar at dei som vil fjerna valfridomen for å få faste skriftbilæte, læser seg til ein læringsteknisk modell som fører med seg ein tanke um at ein lærer mål gjennom auga.

Sandøy meiner vidare at menneski er for mangslungne til at denne læremåten er den einaste som kann nyttast. Han viser til ein annan læringsteknikk: «Ubevisst oppdagar vi systematiske likskapar og forskjellar mellom det vi kan (her talemålet), og det nye som vi lærer (skriftmålet), og denne systematikken hjelper oss vidare i læringsprosessen. Dessutan gir det å oppdage ein likskap mellom talemålet og skriftmålet elevane ei kjensle av at språket og kulturen deira er verdsett, og denne opplevinga skaper i neste omgang interesse og læringsmotivasjon. Dette siste sosialpsykologiske momentet om motivasjon i læringa er kanskje viktigare enn det reint tekniske.»

Sandøy talar um læringsteknikk, men kva meiner han i røyndi med det? Ein lærar kann då umogleg fremja umedvitne oppdagingar hjå elevane. Det finst grovt sett eitt mål ved å lære seg å skriva, og det er å lære seg den måten språkljodane skal setjast fram på i skrift. Når skuleelevar lærer bokmål, hev dei ingi vanskar med å lære seg ein standard, og den regionale identitetsfunksjonen vert snaudt veikt av det. Det er heller slik at identitetskjensla er like sterk i bokmålsområde som i nynorskumråde.

At elevar kann oppmodast til å bruka skriftfomer som samsvarar med målføret er éin ting, noko anna er påstandet um at dei skal gjera og gjer oppdagingar umedvite. Umedvite tyder faktisk utan at ein er klår yver det. Den fremste ekspertten på det umedvitne var vel Sigmund Freud. Ein kann segja mykje um Freud, men han utvikla aldri, so langt som eg veit, nokon læringspsykologi. Læring byggjer på å tileigna seg noko medvite.

Men ikkje nok med at Sandøy ikkje lét til å ha sett seg inn i freudianismen og læringspsykologien. Han meiner til og med at dei umedvitne oppdagingane skal



gjera elevane læringsmotivasjon, og han meiner at dette sosialpsykologiske momentet um motivasjon i læringi er det viktugaste. Ein skal få auka motivasjonen til å lære nynorsk gjennom at ein umedvite oppdagar systematikken i målet, trass i alle dei valfrie formene.

Det tyder dei formene som samsvarar med heimstadmålet. Denne læringsmotivasjonen er til og med eit sosialpsykologisk moment. Sosialpsykologien må femna um meir enn eitt menneske. Då må vel faktisk fleire menneske samstundes vera i samverknad, og det kann ikkje ganga fyre seg umedvite. Skuleelevane skal gjera desse umedvitne oppdagingane og kanskje jamvel forsterka læringsmotivasjonen gjennom innbyrdes hopehav, og alt hender umedvite. Korleis kann ein sosialpsykolog få lagt til rette for noko slikt, for ikkje å tala um Sandøy?

At skuleelevar oppdagar likskapar og skilnader millom talemålet og skriftmålet, er eit interessant påstand. Eg kann ikkje sjå at Sandøy fører noko prov for denne syni. Eg trur derimot at skal skuleelevar kunna verta medvitne um talemålet sitt, må dei fyrst lære seg nynorsk. Det krevst god tame i ordlaging og mållæra fyre elevane kann koma so langt at dei skynar at dei kann hava nytte av målføret sitt. Elevane treng å lære eit mål som vert nytta einskaplegt og ikkje ei rad valfrie former som vert nytta inkonsekvent. Etymologiske skrivemåtar syner mynster og samanheng, jamfør nedanfor:

å gjeva, gjev, gav, hev gjeve
gjevsmilde, gjevar, gåva, giv, gjæv

å taka, tek, tok, hev teke
tak, ordtøkje, framtøk

å segja, segjer, sagde, hev sagt
segn (frå-, ut-, til-), saga, segnad

å tegja, tegjer, tagde, hev tagt
tagnad, tagall, togn

Skuleelevar treng å lære seg å granska ordformer og ordlagingar og koma fram til løysingar og samanhengar som gjer deim medvitne um korleis målet kann knytast i hop. Det er lett å sjå samanhengen millom *tegja* og *tagnad*, *segja* og *fråsegn*, *gjeva* og *gjevar*. Utan infinitivformi *gjeva* syner det seg gong på gong at skuleelevar kjem fram til presensformi «gjer».

Skal skuleelevar lære seg å nytta nynorsken godt og greidt, treng dei eit hovudmynster som gjev deim ein analytisk kompetanse. På vegen fram mot ein slik analytisk kompetanse er mynsterbrot og regelløysor berre eit hinder. Å lære at ein må gjeva avkall på noko av sitt eige måltilfang er vel so viktugt som å lære at ein kann bruka av sitt eige måltilfang. Det er fyrst når ein kann éi form av nynorsken at ein kann lære seg andre former.

Helge Sandøy vil byggja nynorskundervisningi på umedvitne prosessar. Det skulde ha vore moro å vera med når han eventuelt skulde setja ideane sine um til praksis.



Kva rører seg i undermedvitet?

Tystnad

«Høyr etter!»
skreik den stumme til den dauve
og det heldt fram med å vera tyst.

Or Raut frå byggjefelt til minefelt
av Ole Jakob Totland

Bok frå nynorsk-mafiaen

Av Anders Moe

Ottar Grepstad:
Det nynorske blikket
 575 sidor [!]
 Det Norske Samlaget 2002

Av ein artikkel i *Kampen for språket* (ei artikkelsamling utgjevi av Noregs Mållag og Det Norske Samlaget), som no er prenta oppatt i boki *Det nynorske blikket*, gjeng det fram at Ottar Grepstad tek seg nær av at Dag og Tid ein gong umtala den organisera, statsfinansiera målrørsla som «nynorsk-mafiaen».

Diverre er det mangt og mykje som kan stydja oppunder eit slikt spitord um ein so ynskjer; Grepstad høyrer til i eit miljø som er lite, og der folk kjenner kvarandre godt. Soleis er Ottar Grepstad bror til Jon, som er informasjonssjef i Norsk språkråd. Det einaste boklaget som hev plass der, er Det Norske Samlaget, der Ottar Grepstad tidlegare var redaktør og redaksjonssjef, og det er nett Samlaget som hev teke på seg å gjeva ut denne boki. Grepstad fekk pris frå Norsk språkråd for «fremragende språkbruk i sakprosa» i 1999.

Full yversyn yver alle vervi og positionane hans Grepstad er det vel ingen som hev, men han er cand. philol., hev vore sekretær for Volda Venstre og aktiv i Nei til EU, redaktør for Syn og Segn (som vert gjeve ut av Samlaget) 1984–89, og tidlegare dagleg leidar for Noregs Mållag og nestleidar i Aasen-året. No er Grepstad direktør for det nynorske skriftkultursenteret i Ørsta, attåt spaltist i Dag og Tid og ymse sovore.

Han hev kontaktnetet i orden, korleis er det med skrivedugleiken? Mange av artiklane hans er lagde ut på www.aasentunet.no, attåt at dei er prenta i bok, so no kann kvar og ein gjera seg upp ei meining um kor godt han skriv.

Boki *Det nynorske blikket* hev eit fyreord, «Nynorsk – meir enn eit språk». Det byrjar soleis:

Den nynorske skriftkulturen byggjer på eit skriftspråk, men har alltid knytt dette skriftspråket nært til dialektar frå store delar av landet. Det fanst mykje tradert dikting og nokre mindre trykksaker på dialekt før det nye skriftspråket fekk si ordbok og sin grammatikk. Berre sju år etter at den første boka på nynorsk blei utgitt i 1853, blei nynorsk for første gong

brukt i ein offentleg tale då A. O. Vinje heldt 17. mai-tale på Eidsvoll 1859. Etter kvart som eit normert skriftspråk festna seg, blei også nynorsk tale prega av spenningane mellom dialekt og skriftspråk. Difor representerer den nynorske skriftkulturen både eit skriftspråk og eit talespråk.



Gudfaren?
 (Bilæte: Dag og Tid)

Me vart kann henda ikkje so mykje klokare um tilhøvet millom talemål og skriftmål av dette. Eit skriftkulturumgrip som jamvel femner um eit talemål, er meiningslaust. Umgripet «skriftspråk» vert òg nytta i fleire tydingar um kvarandre; «spenningane mellom dialekt og skriftspråk» skal vel tyda 'spenningane (=motsetnadene) millom målføri og det normera målet'. Sogesyni hans Grepstad er heller ikkje til å verta klok på – og då tenkjer eg ikkje berre på kor mange år det i røyndi er millom 1853 og 1859. At Ivar Aasen lagde fram det mynstergilde norske målet i ei bok og ikkje i ein tale, segjer noko um personlegdomen hans, mindre um framgang for målstrævet. I røyndi er tali hans Grepstad misvisande; den fyrste boki på nynorsk er ikkje *Prøver af Landsmaalet i Norge*; ho inneheld berre nokre stykke på landsmål, det meste er dialektdøme. Den fyrste røynelege boki er nok Eirik Sommer si *Noregs-Saga i Stuttmaal* frå 1860 – medan fyrste gongen nynorsken vart tala, var då det stutte spelstykket av Aasen *I ein Marknad* vart synt fram i 1854.

Det er mykje ein kann segja for nynorsken, men Grepstad vel den motsette vegen: «Motstanden mot nynorsk har vore boren oppe av skiftande argument.» So set han upp nokre av desse

argumenti og gjev seg til å polemisera mot sine eigne utsegner. Det er ei dårleg byrjing, for i eit ordskitte lyt ein alltid prova at det ein freistar å diskutera, i røyndi er slikt som motstandarane meiner. Grepstad gjer det litt for lett for seg sjølv når han skriv til dømes soleis:

Nynorsk er ein konstruksjon: Romantikens ideologi om språk som noko naturgitt, er djupt rotfesta i dei same miljøa som føyer bort nynorsken som bortkasta. Lingvistisk grunnlag for slike synspunkt har det enno ikke lykkast nokon å finne fram til. Alle språk, all målbruk, er menneskeskapt og dermed konstruert.

Her skulle Grepstad ha teke folk på ålvor, for det er vanleg at folk skil millom livande mål, som engelsk, daude mål, som latin, og filologkonstruera mål, som esperanto. Skilet millom desse er ikkje lingvistisk, men sosialt og kulturelt. Det er ikkje lingvistikken som fortel oss kva for nokre språk som er dei mest høvelege i kvardagen. So er det òg eit skil millom ideologiar og idear; idear kann motprovast, men um folk flest meiner at esperanto ikkje er eit mål av di det ikkje finst noko esperanto-land der det bur esperanto-folk, so er det eit ideologisk val dei hev rett til å taka. Det er uvisst um det kann provast lingvistisk at det er noko gale med esperanto, men dette at det er ein filologkonstruksjon som ikkje spring ut av eit målsamfund, det byr folk imot.

Grepstad kunde godt ha kosta på seg å vedgå at det er skilnad millom esperanto, latin og engelsk, for seinare i same artikkelen skriv han: «Den nynorske skriftkulturen er boren oppe av eit fleirtalsspråk brukt av eit mindretal.» Dette er tydeleg funne på av ein som trur at skriftleg nynorsk stend i eit beinveges samband med målføri; eg trur det er ein parafrase yver noko Kjartan Fløgstad hev sagt. Det som ligg i dette, er vel at nynorsken høyrer heime i eit målsamfund; at han er det skriftlege uttrykket for dei norske målføri, at han hev ein kultur og sermerkte ordlag og ikkje er eit reint filologprosjekt.

Dette er i nokon mun sant når Fløgstad skriv det, men Grepstad sin målbruk ser heilt ut som ein sidemålsstil. Her er det ingen sermerkt norske segjemåtar; bruken av samsvarbøygjing er noko surr

(han talar um ei bok som er «utgitt», men ein skriftkultur som er «boren oppe»); i fyredraget um sidemålsstilen skriv han *tilslutningen*, men i kronikken um «Aasen-årets politiske nachspiel» skriv han *ei feilslutning*, so heller ikkje skilet millom han- og hokyn er heilt klårt for honom. I ordtilfanget er det mykje latin og ein god del plattysk, soleis «besnerande» i fyreordet og «uangripeleg» i Aasen-kronikken. Grepstad hugsar heller ikkje at det heiter *han* og *ho* i staden for *den* på nynorsk, so i fyreordet finn me dette: «Vel er den kulturelle toleransen mot [andsynes, AM] nynorsk skriftkultur vesentleg større enn for berre nokre tiår

sidan, men *den* er størst der *den* er minst pressa» (mine uthevjingar). Hadde Grepstad skriv dette på mynstergild nynorsk, laut han tenkja yver kva desse *to den*-ane stend for: Er det kulturen eller toleransen som er størst der han er minst pressa? – Og heiter det «overkjørt», som Grepstad skriv ein annan stad?

Retorikken hans Grepstad kjem ikkje til å vinna mange nye vener for nynorsken; det er mest utruleg at han tek seg nær av uttrykket «nynorsk-mafia», når han sjølv finn det passande å jamføra motmennene sine med Göbbels i fyreordet. Nazi-allusionar servera han i sidemålsfyredraget med; det kann snøgt verta for

mange svivyrdelege karakteristikkar i aust og vest. Eller kva skal ein segja um: «Eit av dei minst omtalte problema i norsk kulturpolitikk er rett og slett bokmålsbrukarens manglande sjølvtilitt.»

Grepstad takkar konsulenten sin til sist i fyreordet. Det er forlagsredaktør Sverre Tusvik i Samlaget, som millom anna er litteratursosiolog og hev fenge studnad av kulturrådet til å vurdere eit prosjekt med etterutdanning av bokmeldarar og av Noregs forskingsråd til prosjektet «Den litterære institusjon i Norge etter 1945». Det nynorske blikket høyrer ein privilegiera kulturelite til.

Frie menn bed ikkje grannen um ord

Islensk målreinsing og måldyrking

Av Torill Hjartaker Hauge

Málmannen prentar fyrste stykket i ein fylgjetong på fire bolkar

Fyrste bolken –

Eit levande tusundårsmål

Sjálfstætt fólk (Frie menn) heiter romanen islendingane hev køra til hundradårsboki. Ogso dei allra fyrste lesekyndige islendingane hadde nok skyna og havt gleða av denne saga. Både mål og ideal hev vore seigliva på Island. So lenge det hev funnest islendingar, hev dei kjempa for sjølvstende og fridom. Frå dei rømde frå samlingsplanane og kongedraumane åt Harald Hårfagre til dei endeleg reiv seg laus frå Danmark i 1944 – og kampen var ikkje slutt med det. For dette er ein sjølvstendekamp som ikkje berre handlar um lovgjevingssrett og fiskefelt. Frie menn treng meir enn eigne lover og eigen mat. Dei treng sitt eige mål.

Byrgskapen yver å vera herre i eige målhus, yver å ikkje tiggja ord hjå grannen, hev halde det islenske skriftmålet i live i tusund år, og stendigt må målet nærast og vernast med denne byrgskapen. Det er ein kamp som aldri er vunnen ein gong for alle. Han må kjempast stødt, og nye generasjonar islendingar må vervast til kamp. Islendingane hev ingi militær verneplikt. Dei amerikanske basane og NATO tek seg av det forsvaret. Denne tenesta hev derimot gjort den språklege verneplikti di meir naudsynleg. Fåren for å verta okkupert av engelsk-amerikansk mål er stor. For den islenske nasjonalkjensla er dette ein kamp på liv og daude. Like so mykje som ein mil-

itær okkupasjon kann ein språkleg okkupasjon truga det islenske sjølvstendet.

I fire bolkar skal eg gjeva nokre glytt inn i målstriden åt islendingane; korleis dei kjempar for å halda målet sitt «reint» og sjølvstendig, og kvifor dette eldgamle målet er so livsviktugt for dei. Me tek til med stoda i dag, med dei fårane som trugar tusundårsmålet og det vernet som vert sett upp mot deim. Den siste bolken gjeng noko attende i tid for å svara på kvifor-spursmålet.

Ein av dei mange fyremunene islensk hev i høve til norsk er dei mange varierte og fine måtane ein kan helsa kvarandre på. Alt etter humør og situasjon vel ein ulik helsing. Variasjonen kjem ikkje berre av stor fantasi og mangfald i målet, men òg det aktive bøygingssystemet. Til dømes må adjektiv bøygjast etter person, tal og kyn. Møter du ei gruppa menn og kvende, kan du helsa deim med «Komið þið blessuð». Um der berre er menn, må du helsa med «Komið þið blessaðir», berre kvende «blessaðar», éin mann «Komdu blessaður» og eit kvende «Blessuð».

Denne helsingi tyder noko så høg-tideleg som «Ver velsigna! / Kom du/de velsigna!» og er etter mi syn den vænaste av dei islenske helsingane. Men ho krev umtanke og tid kvar gong ein nyttar henne. I dagsens travle tid og store straum av folk ikring ein på alle kantar, treng òg islendingane ei kjapp og bøygingssfri helsing. Òg dei har teke i bruk det

amerikanske «Hi». I skriftmålet er helsingi tilmåta islensk skrivemåte: [ai]-ljoden vert skriven med bokstaven æ. Difor kan private brev og samtalar i nyare litteratur opna på den for oss nordmenn intelligent utsjåande måten: «Hæ!».

Dette skiftet i helsingar kann standa som eit døme på det mange kallar ei for-simpling eller ureining av det islenske målet. Ein byter ut det nedervde, bøygingssrike og openlyst innhaldssrike «Blessaður» med det kjapp-kjappe, einfelde «Hæ» utan grammatisk endingar og med duld tyding. Ogso islensk brigr seg altso um nokon skulde vera i tvil um det. Islendingane er eit moderne folkeferd som legg stor vinn på å fylgja med all verdsens nyvinningar og trendar. Til det trengst nye ord. Målstriden deira gjeng difor på ingen måte ut på å frjosa fast målet. Han gjeng ut på å lata det veksa og gro ut frå sin eigen kjerne og ikkje lata framandt ugras taka knekken på det. Kjernen femner um både ordtilfang og bøygingssystem. I det daglege ordvalet sitt spyrr islendingane seg: Kva ord er reine nok til å kallast islenske? Kva ord er lojale og trufaste mot det nedervde bøygingssystemet, og kva ord kan koma til å undergrava det? Korleis kan me brigda eit tusundårsmål utan å drepa det?

Andre bolken viser éi løysing på denne vansken: korleis islendingane reinsar utlenske ord.

Framhald i neste nummer ...

Reise det som velt er

Av Lars-Toralf Storstrand

Under merkelappen «Dvergemålet», som er eit godt norskt ord for det utlendske ordet «ekko», vil me frå og med næste utgåva av bladet taka med reaksjonane dine på bladet, og andre ting du måtte hava på hjarta.

Du kann ringja til oss med ris, og med ros (det likar me best), og du kan senda skjermbrev til oss – dersom du er kopla upp mot Internetet. Og um du tykkjer best um det, kann du senda vanlegt brev med.

Det er sers viktug at du er so stutt som råd er, men du skal naturleg nog få grunngjeva det du meiner.

Kor som er vil me setja krav um at du gjev upp namn, skal du koma på prent. Anonyme meiningar, er som ein hev sagt, «ikkje verde papiret dei er skrivne på».

Me tykkjer som sagt at det er godt um du vil skriva rosande eller risande ord til oss um bladet – eller um andre tankar du gjer deg når du les det. Same kva du skriv um, gjeld regelen um at du lyt vera stuttast råd og på same tid sakleg.

Argumentasjon av slag som fører til uvitugt kiv, kjem me ikkje til å prenta her. Det er nog av slikt andre stader.

Me vonar du hev noko å segja oss til næste utgåva av bladet.

Bladstjorni

Dvergemålet

I dette stykket spelar eg på titelen på boki av Eigil Lehmann, med same titel. Men lat meg fyrst få strika under at dette ikkje på nokon måte er eit åtak på Eigil Lehmann, for det finst nok av deim som vil tolka det soleis.

Til liks med Lehmann tenkjer eg på det norske målet – og som ei fylgja av det, norskdomen. Men det synest som om kampgløden mykje hev falle til jordi, og meir enn dei fleste – både innanfor målrørsla og elles – hev funne seg i å drikka skarntydekalken åt yvermakti, slik Sokrates ein gong gjorde det. Då er det berre å vona på at jamvekta (status quo) vert haldi uppe, medan ein ligg og ventar på å døy.

Vitskapen åtvarar Noreg ålment mot det dei kallar «forgubbing» av samfundet. Talet på pensjonistar er i ferd med å taka att talet på nye, friske og unge krafter som held uppe produksjonen av nye, friske kronor til Folketrygdfondet. Det kann verka som um dette er sanning når det gjeld målrørsla òg. Ikkje fyrst og fremst i fysisk alder, men – i mange høve – i mental alder.

I eit fyredrag av målmannen og bladmannen Arthur Berg for nokre år sidan, møtte eg ei saga. Og eg hermer: *Ein finsk soldat var i vinterkrigen. I lang tid hadde dei vore stille i læger, då bodet kom um at dei skulde ganga til åtak dagen etter. Då steig denne tilårskomne finske soldaten upp, vaska seg, kjemde håret og gjorde våpni reiduge, og sagde med klår røyst: «Besta konsten mot att retirera; det er konsten att stå kvar».* Men Berg stoggar ikkje der, han held fram med å segja: *Og endå betre er det å gjera motåtak!*

Jamvel um Berg tala um noko anna enn

målreisingi i dette fyredraget, er utsegnen høgst aktuell i denne samanhengen òg. Det vert sagt at det ikkje er alderen som avgjer kor gamal ein person er. Det trur eg er rett. Er ein åndsfrisk og sunn i tanken, er ein ung so lenge ein lever. Men det tyder ikkje at ein ikkje kann gjeva upp og leggja våpni ned, og verta gamal fyre tidi. Difor er det viktugare enn nokon gong at ein no gjer nye framstøytar for å festa unge, friske menn (og kvinnor), og med di krafter, inn i målrørsla. Og for å strika under endå ein gong: Dette er ikkje eit spursmål um fysisk alder, men um glød og vilje.

Gjer noko for at målrørsla skal veksa! Prenta ikkje berre minneord yver dei daude kjempone, men fostra nye kjempor, nye heltar, som kann svinga sverdet med ny glød.

Korleis skal ein gjera det? Den sokalla nynorsken som dei unge lærer i skulen i dag, hev etter kvart vorte so brigd at det knappast finst rest att av det som ein gong var norsk i honom. Difor reiser innvendingane seg mot «nynorsken» òg, på same vis som protesten mot tvangslatinen reiste seg i England i fyrrhundradåret.

Til liks med latin er no ekta nynorsk i ferd med å verta eit stagnert og statisk språk. Det er, um du trur det eller ei, ikkje tillate å skriva so som dette i offentlege publikasjonar. Det Noreg treng no er ein ung og vital Eliezer ben-Jehuda som gjeng fyre og bryt ny veg, slik han gjorde det for det hebraiske målet for kring hundrad år sidan. Då kann ein hava von for norskdomen. Då kann ein segja at ein aktivt gjer noko for å «reisa det som velt er».



Raut frå byggjefelt til minefelt

*70 dikt av Ole Jakob Totland
Ein ungdom slær eit slag for
høgnorsken.*

*Boki kann tingast beinveges frå forlaget:
Nauthydlaren forlag, Stølshaugvn. 76, 5460
HUSNES,
tlf 53 47 81 00*

Epost: jamatotl@frisurf.no



Vinje um lògmålet

Ved Magne Myhren

Aasmund O. Vinje var kunnskapsrik, men han skreiv aldri «lærd» (flokut) i negativ meining. I stykket «Om stil» gjøner han med den lærde måten å skriva på, for det krevst opplæring til å skriva soleis. Med slik lærdom kann ein «skriva so langt og tungt og uklårt, at ingen, som ikke er nøydd til det, kunde lesa honom utan at få bitaling for det.»

Etter Schiller skil Vinje millom tri stilar eller stilslag. Øvst stend den «fagre stilen» og på troppestiget nedunder den «vitskaplege stilen» som Vinje kallar «taterstil». Der er fagmannen «med all sin gråstein i magen».

Og lenger nede eller høgre uppe, om du vil, i det mindste som det fyrste, er den folkelige stil, sagastilen ... som utan at vita det talar greidt og yndefullt, men med alt trongsynt eller borneret.

Og vidare: den som er barn, kan føra ein folkeleg stil, og likeins den som hev gjenget gjennom taterskapet; men tateren sjølv kan aldri gjera det. Den fagre stilen er ein slags utvidkad og foredlad sagastil.

Den som skal skriva skikkeleg «taterstil», må både hava godt hovud og kjenna målet til gagns. Med slike fyresetnader kann ein skriva ein livlaus stil utan tatervæsen; men for at gjeva stilen liv og mannsmerke, må du vera ein mann, eit flognæme eller talent og eit flogvit eller geni. Lærdomen, språket, tanken må få flaum og flod; det må renna som samansmeltad malm og verda støyt i di mønsterform og få tilslut, som det stend skrivet: Herren insegl på panna si. (Blandkorn 1867, s. 192ff).

Vinje var utdanna jurist med framifrå eksamen. At han hadde innsyn i juridiske

spursmål syner millom anna skriftene *Schweigaard, Vaar politik* og mange stykke i *Dølen*. I *Dølen* 3/12 1865 hev han ein merknad um lògmålet. Dette vesle stykket hev, so vidt eg kan sjå, aldri vore prenta uppatt.

Vårt nyare lovspråk vita vi er eit dårlegt språk, jamvel i samanlikning med lovspråket i fyrre Århundrad f. ex. Forordn. af 3die juni 1796, og at språket var endå betre i Christ. 5tes lov eller «logje», som den vert kallat på landet, det veit likeins kver den, som har forstand på slike ting. Grunnarne til dette kan eg ikkje greida ut her, men at det er slikt det er vist, og vist er det og, at språket i våre stortingslover vil standa som eit merke frå ei halv «barbarisk» tid i litteratur og smak. Chriminalløven er kanskje den verste. Alt dette kjem no nærast af det, at våre største retslærde som oftest ero dårlege stilister, og so kjem Stortinget tidt med bænkeforslag som gjerer vondt verre. Det er ikkje fårlegt med bruken af kunstord her og der; det er verre med alt det ugreide ordelaget og all den uklære tanken, som alltid kjem fram i ulåre ord, og med alle dei millomsetningar.

Eg kom in på desse tankar, som eg sidan skal greida ut, ved eit forslag i Morgonbladet om at ombyta justitiarius med «lagmand» og assessor med «bydomare» i denne påtenkte rettarbot om ein byrett for Christiania. Det er eit godt merke at folk taka til at tenkja på slike ting, og det må vel koma den tid, då Storting og regjering tenkja på at få eit meir folkeleg språk i sine forordningar og rettarbøter. (*Dølen* 3/12 1865).

Setningarne er noko ordrike, men stort sett greidt forma. Vinje hyste tankar som Nikolaus Gjelsvik skulde ta upp kring 30–40 år seinare: arbeidet med nynorsk rettsmål og einfeldare mål og syntaks i lòger på baa mål, nynorsk og norsk-dansk. Gjelsvik synta at både svenske og danske lòger hev tolleg god stil til kring 1700. Sist på 1600-talet tok danske juristar i bruk noko Gjelsvik kalla «låk latinsk umsetjingsstil» Sidan heldt dei «trufast fram i same faret».

Den latinen, som ligg bak, er ... ikkje den gode latinen ... men den meir stive og daude millom-alderslatinen. Danskane skreiv nok ikkje alltid direkte etter denne latinen, men gjekk utfrå det tyske rettsmålet, som på si side var meir eller mindre låk umsetjing frå latin. (Gjelsvik i *Syn og Segn* 1931, s. 24).

I *Dølen* 17/12 1865 klagar Vinje yver alle desse «Rettarbøter» som gjer lògene uheile og lite samanhangande. Vinje meinte det knapt fanst ti stortingsmenn som var so kunnige i lògene at dei kunde laga skaplege rettarbøter. Og um dei kunde det, «so kjenna dei ikkje landsens språk so godt at dei kunna setja ei log i stil.»

Merknad:

Dette er ingi utgreiding um Vinje og rettsmålet. Men eg lét prenta dette vesle stykket her med nokre stutte kommentarar til å syna kor langt fram og kor pedagogisk Vinje tenkte. Kanskje kann det støra andre til å arbeida vidare med syntaks og stil i dei juridiske utgreidingane etter Vinje.

Handsam målet ditt i vyrdnad

Kvi eg lyt engelsk i skulen læra når me hev eit fullgodt talemål det er ikkje lett å skjønna.

Kom i hug honom som have mykje æra fyrr hans vyrkjing vert hivi på bål honom betre me skulde løna.

Eit grunn dansk mål dei òg oss påprakar i det tvungne norske skuleverk kva godt kann det vel gagna?

Mot ei umstøyting det vonleg lakkar for Aasen me slæst som berserk dei fær oss ikkje til å tagna.

Umkvæde:

Ivar Aasen!

Du gav oss eit skriftmål

all vanvyrding av det skulde straffast

med pryl og stokkeslag

men det vert for mykje slåing slik som stoda er i dag.

Det er ikkje morosamt å sjå korleides

me hev fare åt mot vår fedraarv

me skulde skammast alle saman

når me ser at stoda er soleides

at framandordbok i bokheimen er tarv

det gjev inkje til gaman.

Nordmannatunga visnar burt

for engelsk og danemål

kar og kvende i Noregsveldet

inkje ihuga gjer

for det å hindra.

Tidi er komi

for målvask mykje

finn fram vaskekosten

det Aasenske mål

attkoma skal.

Teke or Raut frå byggjefelt til minefelt av Ole Jakob Totland.

Anders Hovden – frilynd prest, men ingen liberal teolog

Av K. E. Steffens

Jens Kåre Engeset:
Anders Hovden
Diktarprest og folketalar
Det Norske Samlaget 2002

For eit fleirtal av dagens norske er Anders Hovden (1860–1943) snaudt eit namn, og av den ruvande litterære produksjonen hans er det berre ein del salmar og songar som lever i meir eller mindre brigda og språkleg moderniserte former. Der er noko grunnleggjande «uaktuelt» ved mannen og verket: so mykje av det han stridde og brann for tykkjest høyra til i ei fjern fortid og kan vera historisk forvitneleg, men er snaudt kveikjande og utbjodande for dagens nordmenn og deira røynsler og problem.

Han var bondestudent, men sanneleg ingen Daniel Braut, og dessutan frå Volda (gjenom det meste av 1800-talet var Ørsta eit sokn i det prestegjeldet), som frå Hans Strøms tid hadde hatt ein elite av opplyste og skriveføre bønder. Som for mange andre bondegutar med gode evner og sosial og kulturell oppdrift var vegen fram til høg utdanning og embete både tung og krokut, og lettare vart han ikkje ved det uvyrdne og lidenskapelege i lyn-det hans. Der var òg eit depressivt drag hjå honom, som han truleg hadde frå faren. Ein kunne ynskt at Engeset i denne biografien hadde vore meir psykologiserande og karakteriserande og dryft dei både sterke og veike side ved mannen og verket. Stundom vert det vel mykje sitat (rett nok som oftast opplyssande og gode!) og for lite resonnement og vurdering, men hovudinstrykket er at Engeset hev skrive ei språkleg god og biografisk forvitneleg bok om ein mann som var sopass ruvande at han med tida burde få både seminar og artikkelsamlingar.

På sume omkverve skulle eg ynskt at Engeset gjekk djupare og meir kritisk til verks. Ikkje minst gjeld det Hovdens nasjonalisme, som serleg gav seg språklege uttrykk, og den spaninga det førde med seg andsynes dei som var meir eller mindre kritiske til målrørsla og ofte kunne tykkja at det var noko heidensk eller ukristeleg ved det dei lett kunne sjå som ei overdriva dyrking av den norske nasjonale serhått. Kristendomen er universell, og for dei fleste norske hev dansk-norsk fungert uproblematisk som organ for religiøs trong og vilje. Ein som sanna dette var ein annan ørsting og prest,



M. A. Brekke, som Bjarne Kvam skreiv ei god bok om: *En ordets langesvinger* (1953), som Engeset ikkje ser ut til å ha vore merksam på. Her kunne han ha funne eit forvitneleg opplegg til ei djupare forståing av den slett ikkje urettkomne skepsisen som mange kristne hadde til dei frilynde som «ofte kjempet mot kristendom, men for norskdom og målsak» (s. 57 i Kvams bok).

Men Engeset fær godt fram det rause, opne og sers vinnande ved Hovdens personlegdom, som gjorde at kyrkjelydane både i Melhus og Østre Toten svelgde nynorsken hans. Men målfolk vart dei stort sett ikkje!

Eit anna emne eg gjerne skulle fått utgreidt er Hovdens syn på dei innfløkte normeringsspursmåla i nynorsk. I debutboka *Laak Lagnad* (1893) nytta han amål, men heldt seg so til i-målet fram til 1938, då det er teikn som tyder på at han var viljug til å ofra det på det samnorske altaret. Interessant er vurderinga hans i *Attersyn* av Jørgen Løvland som målpolitkar. Der vert reforma i 1917 omtalt som «eit tvilsamt verk» og Løvland skulda for å ha gjeve tilskot til «skrøna» om at eit fullnorsk mål hørde framtida og utviklinga til (s. 148 i 1993-utgåva). No er ikkje logikk og konsekvens det som mest sermerkjer Hovden, og Engeset kunne gjerne ha greidt ut sumt av det ein kunne kalla den ideologiske hespelen hans.

Men djerv og ærleg var han, og endå djervskapen til tider gjorde honom taktlaus, syntte han òg vilje til sjølvkritikk og evne til forsoning med dei som kjende seg krenkte. Han gjorde det klinkande klårt i *Attersyn* og den sjølvbiografiske romanen *Odd* at den sanslege giren hadde vore den største freisting og fåre i livet hans, og eg tykkjer at Engeset burde ha vore biografisk djerv nok til – sjølv sagt utan å gå i detaljar – å nemna dette.

Ein annan materie som kunne ha vore utgreidt og kommentert er Hovdens bruk av levande modell. Det vert tangert på s. 297, og ein skynar godt at bygdefolk kunne reagere negativt på det som beint fram kan verka som skakande svartmåling og utlevering av ein verbror (i *Laak Lagnad*) og ein velkjend emissær (under namnet «Trut» i *Odd*). Ei nyansert vurdering av denne emissæren, O. G. Clausen (1855–1923), finn ein i band II av Oscar Handlands *Vårsløysing*, der ein òg finn eit noko kritisk syn på Hovden som salmediktar.

Engeset hev eigne bolkar om dikteren Hovden, ordna etter sjangrar og med greide merknader til dei einskilde verka og deira sterke og veike sider. Dette er framifrå og vil vera til god nytte og hjelp for dei som vil granska og arbeida med Hovden både litteraturhistorisk og biografisk.

Engeset hermer biskop Nordervals og lokalhistorikaren Bjarne Rabbens syn og vurdering som slår fast at Hovden ikkje var nokon liberal teolog, men forkynte god og tradisjonell lutherdom. Det er utan tvil rett som Norderval skriv i *Kommandobru eller prestesliperi* at «Teologien som vitenskap hadde liten interesse for han.» Det var denne manglande interessa for teologi og ein viss, ein kan vel segja «frilynd livsstil», som skapte det i grunnen falske biletet av Hovden som dogmatisk tvilsam prest og forkynnar.

Til slutt nokre detaljar. Det er framifrå at Engeset «daterer» personane både i teksten og i registeret, men eg tykkjer han burde ha synt historisk respekt for dei namneformene sume av dei nytta same kor «unasjonale» dei var. Mormor mi, som gjorde eit ugløymande sterkt inntrykk på Hovden, var inga «Pålsdotter», men skreiv alltid *Paulsdatter*. Og alle skreiv seg *Hovde* før Anders som den fyrste la til ein *n*. (Telefonkatalogen syner at 29 abonnentar i Ørsta er oppførde med forma *Hovde*.) Eg tykkjer òg at Engeset er vel raus eller slepphendt når det gjeld utropsteikn.

Dei nemnde og andre mogelege merknader og innvendingar svekkjer ikkje hovudinstrykket og konklusjonen min: Engesets bok er eit pionerarbeid om ein forvitneleg og fargerik person som fortener meir merksemd enn han til dessa hev fenge. Når fær me det fyrste Hovden-seminaret?

Nokre dikt av Heinrich Heine

Ved Johannes Gjerdåker

Heinrich Heine var fødd 13. desember 1797 i Düsseldorf i Tyskland. Foreldri var av jødisk ætt, men sjølv gjekk han inn i den kristne kyrkja. Både som lyrisk diktar og som prosaforfattar høyrer Heine til meistrane på tysk mål. Songboki hans, *Buch der Lieder*, vart lesi i samtid og ettertid, ikkje berre i Tyskland, men i alle land der folk i det heile lærde tysk, i England og i Polen og Russland i stor mun, og ikkje minst i Skandinavia og på Island. Diktatarar som Jónas Hallgrímsson, Gustaf Fröding, J. S. Welhaven og A. O. Vinje ovundra Heine og lærde av honom. Like eins tok Ivar Aasen og Henrik Ibsen imot impulsar av Heine.

Reidar Djupedal fortel i eit etterord til *Symra* av Ivar Aasen at Aasen meir enn éin gong siterte frå *Buch der Lieder*:

*Anfangs wollt' ich fast verzagen,
Und ich glaubt' ich trüg'es nie;
Und ich hab' es doch getragen,
Aber fragt mich nur nicht: wie?*

«Slik skal det skrivast», lagde Aasen til. Er det ikkje det einfelde, det klåre og gjenomsynlege målet og vänleiken av det usagde attum ordi som hev gripe Aasen som so mange andre? Heinrich Heine flutte til Paris i 1831 og vart buande der til han døydde 17. februar 1856. Nedanfor fylgjer nokre av dikti hans umsette til norsk.

Merknad:

Umsett til norsk lyder hermet or *Buch der Lieder* um lag soleis: Fyrst vilde eg mest gjeva upp, / og eg trudde, eg kunde aldri greida det; / og eg hev likevel greidt det, / men spyrr meg berre ikkje: korleis?

Ei fura stend åleine

Ei fura stend åleine
i nord på nake fjell;
ho dormar i kvite dekkje
av is og av snjo som fell.

Ho drøymmer um ein palme
langt burte i austerland
som tegjer einsleg og sturer
i berg ved brennande sand.

Frå Austerland kom tri kongar i lag

Frå Austerland kom tri kongar i lag,
dei kalla på folk langs ferdi:
«Kvar er det byen Betlehem finst?
Me bed 'kje um meir i verdi.»

Men unge og gamle stod utan svar,
og atter dei tri fór av garde;
dei fylgde ei stjerna som loga av ljós
til leidi dei gjekk utan varde.

Yver stallen til Josef ho stogga heilt;
inn steig tri heilage kongar:
der unguksen rauta og reivungen gret,
der lova dei himlen med songar.

Lorelei

Eg veit ikkje svar på den gåta
at eg er sturen og sår;
ho kallar meg mest til å gråta
ei segn frå fjerne år.

Det kjøler fram imot kvelden
og roleg strøymmer Rhin,
og fjelltoppen tindrar av elden
der aftansoli skin.

Der sit uppå høgaste tinden
ei ungmøy, underfull;
i spake solegladvinden
ho kjemmer håret av gull.

Ho stryk det med gullkam i hende
og syng med røysti fri
ein song som vil ljoma attende
med maktfull melodi.

Ein rorskar i båt yver bære
grip songen vilt og snøgt;
han ser ikkje skjer eller fåre,
han ser berre oppyver, høgt.

Eg trur han til sist gjeng til grunne
i bylgja med båten trong,
og den som det verket hev vunne
er Lorelei med sin song.

Korso kunde dei gjera noko slikt?

Av Klaus Johan Myrvoll

Dette stykket neitta redaktørane i Språknytt å taka inn.

På årsmøtet i Norsk språkråd i 2000 vart det vedteke ny rettskriving for både nynorsk og bokmål. Fagnemndi for kvar av deilderne hadde gjenge gjenom rettskrivingi for sitt mål og sét på korso dei kunde skjera ned talet på både hovud- og sideformer. Eitt av framleggi som fagnemndi for nynorsk hadde kome upp med til årsmøtet, var å taka burt formerne *hoss*, *hossen* og *koss*, som dei meinte var sideformer åt spyrjeordet *korleis*. Dei totte vel at det vart i meste laget med so mange sideformer på ein gong, og vilde reinska upp ein gong for alle. Berre nokre fåe røysta imot. I røyndi var vedtaket i Språkrådet tufta på ei stor mistyding. For målføreavbrigdi *hoss*, *hossen* (helst uttala med open sjølvljod, /ð/ elder /å/) og *koss* (segnad med både /o/ og /å/ finst) er ikkje former av ordet *korleis*, men av eit anna ord med same tyding, *korso*. Med andre ord tok Språkrådet burt former av eit radt anna ord då det vilde «rydja upp», og um det ikkje hadde vore for at *korso* stend uppført på eigen plass i ordboki, kunde ordet ha kome heilt burt frå statsnorsken.

Lat oss sjå nøgnare på *korleis* og *korso*. Ivar Aasen gav det fyrste ordet formi *korleides*, av di det heng saman med namnordet *leid* (jf. svensk *huruledes* og dansk *hvorledes*), men denne formi vart alt tidleg umbytt med *korleis*, som svara betre til segnaden (*korleis*, *kolles* osv.). I *Norsk Ordbog* (1873) skriv han at det er eit nyare ord, og det kann vera; det er i alle fall ikkje funne i norrøne skrifter. Men ordet er laga etter mynster frå medord som fanst alt då, slike som *afleiðis* 'or den rette vegen', *beinleiðis* 'beint fram', *heimleiðis* 'på heimvegen' og *réttleiðis* 'på rett veg'. Dette etterfestet hev vore sers frævt i norsk, og det hev kome til mange nye ord med det etter gamalnorsk tid, t.d. *korleides*, *mangeleides*, *onnorleides* og *sameleides*. Ordi på *-leides* skil seg i hovudsak i tvo flokkar: Den eine flokken peikar ut leidi elder vegen noko rører seg i (*beinleides*, *skogleides*), men den andre segjer noko um måten noko vert gjort på (*soleides*, *sameleides*).¹ Den fyrste måten å nytta etterfestet på må vera eldst, både av di han svarar heilt til tydingi åt grunnordet *leid*, og av di han var nærmast einrådande i gamalnorsk (einaste undantaki var *sváleiðis* og *páleiðis*, som bae tydde 'solei-

des'). Den andre måten må vera yverførd frå den fyrste att (*leid* > *måte*).

Det hev kome ulike gissingar um upphavet åt etterfestet *-leiðis*. Mange hev hevda at det er eigefall eintal av inkjekynsordet *leiði*, som skal ha tydt 'leid, veg' upphavleg, men hadde fenge andre tydingar alt i norrøn tid: 'byr, god siglevind' og 'grav, legstad'. Det er denne ordsoga *Nynorskordboka* set upp (uppslagsordi *-leies* og *-leis*). I røyndi er det ikkje naudsynt å rekna med noko inkjekynsord. Ordi kann vera laga med at endingi *-is* hev vorte lagd rett på hokynsordet *leið*, nett som i ord som *afhendis* og *réttælis* 'rettsøles, med soli'. Det at ordi hev i-ljodbrigd rotljod (*a* > *e*, *o* > *ø*) syner at det er ein sers gamal vokster å leggja ei slik ending rett på roti. Aasen peika på dette alt i ordboki si (s. 435).²

Korleides tyder 'på kva måte', og det som gjer det til eit spyrjeord er framleden *kor-*. *Nynorskordboka* segjer at upphavet åt framlekken er spyrjeordet *kor*, som skal koma av gno. *hvar* att (same ordet som nynorsk *kvar* i «kvar kjem du frå?»). Det kann vera noko å segja på bae desse påstandi. For det fyrste: Er det so visst at framleden i *korleides* er spyrjeordet *kor*? Ein kunde tenkja seg at det var ei eigi hokynsform *kor* av varaordet *kvar* (gno. *hverr*, *hvarr*) som låg attum. Denne formi finst i sume målføre, og me finn henne att i hokynsformi *eikor* til *einkvar*, *-kvan*. Det høver godt med at det finst andre ord på *-leides* der framleden er ei hokynsform av eit varaord, t.d. *nokorleides* og *ingileides*, og ikkje minst *eikorleides*. Det er ikkje noko nytt at varaordet *kvar* hev avla spyrjeord; det hev me døme på i ord som *kven* og *korso*.

For det andre verkar det urimeleg at måte- og gradsmedordet *kor* skal koma av gno. *hvar*, so som *Nynorskordboka* segjer. I so fall må det gamalnorske ordet ha klove seg i tvo ord med ulike bruks-umkverve i mange målføre: *kvar* (stad) og *kor* (måte og grad). Attåt kjem det at *hvar* ikkje kunde nyttast som *kor* vert nytta i dag; det var det *hvé*, *hvégi*, *hvernug* og *hversu* som kunde. Men so hev eg ikkje sét denne ordsoga framsett nokon annan stad helder. Mest truleg botnar det heile i at dei som stend attum *Nynorskordboka* hev blanda i hop ordsogorne åt *kor* og *kvar*: Med di so mange skriv (og

segjer) *kor* for *kvar* (segnaden *kor* kann vera ljodrett framvaksen av gno. *hvar*), hev dei kann henda trutt at det var same ordet. Anten dei lid under eit krav um å tetta saman opplysningarne um ordsoga, elder er fåkunnuge, vert det like hjelpe-laust.

Når dét er sagt, må det nemnast at dei hev kosta på seg eit «jf òg *hvernig* og *hvernug*» etter tilvisingi til gno. *hvar*, og det er ei rettleiding som kann setja oss på spøret. Det viser seg at det ikkje er vandelaut å setja upp ei litande ordsoga for nynorsk *kor*, t.d. viser Alf Torp berre til ordsoga åt dansk *hvor* og svensk *huru* i *Nynorsk etymologisk ordbok* (1919), som han held på er *hverr* + *vegr* 'på kva for veg'. Aasen gissar på at det er gno. *hváru* (sidefall eintal inkjekyn) 'kva for ein av tvo', som elles er nett den same uttydingi som Adolf Noreen legg fram til *huru* i *Altschwedische Grammatik* (1904). Eit tredje upphav munde vera gno. *hvernig* elder *hvernug* (av *hvern* veg), som tydde både 'kva veg, kvar, til kva stad' og 'korso; kor'. Men då fær me vanskar med å greida ut for ljodvoksteren fram åt *kor*.

Litt uventa er det at *Nynorskordboka* hev *korso* til eigi uppslagsform. Der heiter det, som rett er, at ordet kjem av gamalnorsk *hversu* elder *hvorsu*, som kjem av *hverr* 'kven' og *vegr* 'veg' att. Det hev med andre ord same upphavet som *hvernig/-ug*, berre at det her er eigefall som ligg til grunn (< *hvers vegar*). Me ser den same tydingsyverføringi som ligg attum mange av ordi på *-leides* (t.d. *korleides*): etterleden gjeng attende på eit ord som upphavleg berre hadde med leidi elder vegen å gjera, men som etter kvart vart yverført til å gjelda måten noko vert gjort på. Andre gamalnorske former som syner upphavet i veg betre, er *hversug* og *horsug*.

Når me skal setja målføreavbrigde som *hoss(en)* og *koss* (kvifor ikkje valfri *-en* her, tru?) inn i ei ordsoga, er det um å gjera at me veit noko um korso målet plar brigda seg, m.a. kva som er vanleg ljodvokster. Aasen nemner ei rad avbrigde av *korleides* i ordboki si, men ingi av deim hev mist medljoden inne i ordet (*-rl-*, som i *korleis*, elder utlikna til *-ll-*, som i *kelles*), og alle er tvostavingsord. Soleides finst det ikkje noko grunnlag for å rekna med ein vokster *korleis* > **koss*, og

attåt er han uråd å tenkja seg reint ljodleg. Heile stavingar dett ikkje burt sone utan vidare!

Derimot er det ikkje vandt å skyna korso gno. *hvorsu* (< *hvarsu* < *hversu*) kunde verta *hoss(en)* og *koss* og dilike former: I baae formerne hev *-rs-* vorte utlikna til *-ss-*, som i ord som *foss* og *fyst* (slike utlikna former fanst alt i gamalnorsk *hvessu* og *hosso*), og den utyngde *u-en* hev veikna og falle burt. Endingi *-(e)n* er tillagd seinre, jf. former som *korleis'n*. Det som skil dei tvo formerne er framljoden. I *hoss(en)* hev *v-en* etter *h-* falle burt, som i spyrjeordi (*h*)å og (*h*)åffer, men i *koss* hev medljodsambandet *hv-* vorte *kv-* fyrst, og so hev *v-en* falle burt. I baae tilfelli kjem venteleg *v-* burtfallet av den runda medljoden etter, jf. at former som *kvifor* og *kåffer* er helder vanlege i målføri, men at **kvåffer* er ukjend.³ Dei gamalnorske formerne *hversug* og *horsug* syner det same (v held seg fyre urunda ljod, men fell fyre runda ljod).

Trass i at det er berrsynt at former som *hoss(en)* og *koss* høyrer i lag med *korso*, hev dei som hev stade for måljankingi her til lands skote deim inn under *korleis*. Det hev jamvel nedfelt seg i ordbøkene (sjå t.d. *Nynorskordboka* elder ordlista hans Alf Hellevik). Det syner kor fåvituge måljankarane hev vore, og kor teknisk dei hev sét på målet vart.

Ordet *korso* hev fenge ei tyding attåt

'korleis' i *Nynorskordboka*, det er 'kor som er; likevel', og dømesetningi er «det går no med korso». Eg veit at det hev vore vanleg å skriva *korso* med denne tydingi i skriftmålet, men det kjem helst av ei mistyding av talemålsgrunnlaget. Når vestlendingen segjer *korso* i slike samanhengar, er det ikkje anna enn *kor som* med det vanlege *m-*burtfallet i *som* (til liks med *gjøno* og *mydlo*), jf. austlandsk *hokke som*, som tyder nett det same. At det ikkje kann vera gno. *hversu* som ligg attum, skynar me av at medljodsambandet *-rs-* oftaste hev halde seg; um det hadde vore ei gamal samstelling, skulde det ha vorte *-ss-*. Dette hev Aasen skyna, for han nemner ordlaget *kor som er* (med dømet «kor so va'») berre under uppslagsordet *kor*, og ikkje under *korso*. Kva kunde det ikkje ha hjelpt um både skriparar og ordboksfolk hadde lært meir av honom?

Som de ser, er det mange mistydingar som knyter seg til dei tvo ordi *korleides* og *korso*. Når ein tenkjer på alt det arbeidet som hev vorte nedlagt i norsk målgransking sidan Ivar Aasen verka, er det støkkjande at fåe hev greidt å setja fram desse tingi so greidt og rett som han gjorde. Dei som styrer med ordbøkene i dag berre rotar det til, og fagnemndi for nynorsk, som skal vera fremst på umkvervet, ser det ikkje, men fører toskeskapen endå lenger.

Eit lite ljospunkt må nemnast: I *Bokmålsordboka* (1993) er ordet *åssen*

uppført på eigen plass i ordboki og med rett ordsoga. Det kjem vel av at ordboks-skrivarane hev sét at *åssen* ikkje kunde vera eit avbrigde av korkje *hvordan* elder *hvorledes* i dét målet.

Vedtaket um å taka *hoss*, *hossen* og *koss* ut or rettskrivingi segjer mykje um korso Norsk språkråd arbeider. Dei vantar grunnleggjande innsyner i norskt mål og norsk målvokster, og tykkjer meir enn dei veit. Til all lukka fekk formi *korso* standa i fred, kann henda av di fagnemndi ikkje fekk auga på henne elder skyna kva det var for eit ord. So fær helder dei som hev skrive *hoss*, *hossen* og *koss* fyrr, samla seg um den sogerette og Aasen-norske skrivemåten *korso*.

Merknader:

¹ Denne kljuvingi i tvo flokkar hev sett merke på korso endingi hev vakse òg; det heiter gjerne *beinleies* og *skogleies*, men *annleis*, *ansleis*, *ansles* o.dil. og *soleis*, *sålles* o.dil. Det er lite truleg at sjølve tydingi åt ordi hev verka inn her; helst kjem skilnaden av at dei hev vorte nytta ulikt i setningi og difor fenge ulik tyngd. Det ser me på tonelaget òg; ordi på *-le(i)s* fær oftaste einstavings tonelag, men flokken med meir fulle former hev allveg tvostavings tonelag.

² Det kann elles sjå ut til at ordi på *-leides* kann ha vorte til på litt ymis vis, men det skal eg helder koma attende til ved eit seinre høve.

³ Når det kann heita *ka* for (eldre) *kva* i mange målføre, er det ein yngre vokster. Her er sjølvljoden urunda, og flestalle stader hev dei skrive upp former med *kv-* fyrr. Det same gjeld formi *kar* for *kvar* (stadmedordet).

Oslo, 12.4.2002

Klaus Johan Myrvoll

Takk for artikkelen til Språknytt. Redaksjonen har vurdert artikkelen og har kome til at han ikkje bør trykkjast i bladet. Etter redaksjonen sitt syn byggjer skuldingane mot Språkrådet og fagnemnda på ein del mistydingar. Fagleg sett inneheld artikkelen mange og svært gode åtgåingar, men framstillinga er ikkje pedagogisk nok for lesargruppa vår. Skulle det faglege resonementet leggjast fram i heile si breidd, ville det dessutan krevje for mykje av plassen i eit såpass lite blad.

Redaksjonen må altså takke nei til denne artikkelen, men kan derimot vere interessert i ei populær framstilling om dei ymse variantane av *hoss*, *koss*, *åssen*, *korleis*, *kva for ein* osv. Då bør bruken og formene i samtidsnorsken vere viktigast, og så kan ein nemne kort at det finst dels like og dels ulike opphav i norrønt for dei. Du er velkomen attende dersom du kan tenkje deg å skrive noko i den lei. Høveleg lengd er to til tre sider i bladet, dvs. 1000 til 1500 ord.

Regelen for publisering i Språknytt er at forfattere bruker gjeldande rettskriving.

Vennleg helsing

Åsta Norheim
redaksjonssekretær

Vellukka årsmøte i Vestlandske Mållag

Av Vegard Aambø Langvatn

I år vart årsmøtet i Vestlandske Mållag skipa til i den naturfagre bygdi Borkne i Bremanger i Nordfjord. Møtedagen var sett til laurdag 29. juni. Aktivistar frå Volda og Ørsta Målungdom var millom deim som stod for dei praktiske sidone av tilskipingi. Huslyden Torheim hev ein sers stor gard som kunde hysa alle sendemennene. Sume sendemenn valde like vel å taka turen inn til idylliske Rugsund og yvernatta på Rugsund handelsstad, ein restaurert handelsstad frå 1600-talet. Naturi gav godt grunnlag for fotturar, og sendemennene fekk høve til fleire småutferder innimillom programmet.

Årsmøtet i Vestlandske Mållag var det fyrste på mange år som vart skipa for seg sjølv. I mange år hev skikken vore at det hev vore samårsmøte millom Ivar Aasen-sambandet og Vestlandske Mållag, noko som hev skapt uklære organisatoriske rårnor. I år syntet det seg råd å få samla folk til årsmøte på tvo stader. Det syner at det er større vilje attum å driva aktivt målarbeid no enn fyrr.

Årsmøtet var merkt av mange gode innspel og av at unge og tiltaksame høgnorskfolk var samla. Møtelyden vart påminna den hugheile oppstarten åt norskdomspionerane gjennom framføring i hans Thoralf Bergwitz av «Fyrigangs-

mennene»: *Dei var med og streid for å løysa dei band som magtstal vårt folk i ein syrgjeleg bolck av vår soge. ... men enno me ikkje vårt mål heve nådd, det er langt fram til hausting av det som er sådd.*

Etter ordskifti å døma, skorta det korkje på glød eller vilje til å føra vidare verket som pionerane hadde teke til på. Millom emni som vart mest ordskifte, var å få eigne ordbøker og ordlistor på høgnorsk. Det vart kasta fram litt ulike planar, alt frå å få ei stor høgnorsk ordbok i tradisjonen etter Aasen, Ross og Schjøtt til einfelde ordlistor til bruk på data og mobiltelefonar. Ordskiftet munna ut i at det vart sett ned ei nemnd som hev til oppgåva å greida ut på kva måte det er råd å få laga til ei høgnorsk ordlista og ei ordbok. Med i nemndi kom Sergej Alexander Munkvold, Leif Arne Storset, Olav Torheim, Klaus Johan Myrvoll og Lars Toralf Storstrand. Nemndi skal leggja fram ei utgreiding um desse spursmåli på neste årsmøte.

Det vart nemnt at no må det koma i gang skriveskeid for ungdom. Vestlandske Mållag vart oppmoda um å gjera sitt til at det vert halde slike skriveskeid. Det er mange ungdomar som ynskjer å læra seg å skriva høgnorsk, og det er ei yver-

komeleg oppgåva å få skipa til i alle fall eitt skriveskeid i arbeidsbolken.

Elles vart mange gode tiltak tekne upp til dryfting. Det er oppgåvor nog å taka tak i. Kva med høgnorsk tekst på mobiltelefonar? Eller i-målstekst på ferdagreidone (samferdslemiddeli) i høgnorskbygder? Dessutan stend det att mykje arbeid for å få eit nynorskt hermål. Det er knappast nokon som nyttar nynorsk i heren; her gjeng kommandoane fyre seg på stivt bokmål. Me hev fenge ei uppattnya Målsoga, og det må vera eit godt grunnlag for studieringar, vart det hevda.

Sist, men ikkje minst, er det verdt å gjeva gaum på at samnorskparagrafen i Lov um Norsk språkråd hev vorte teken burt av riksmaktene. I den samanhengen tok årsmøtet ved ei fråsegn um statleg målbruk. Det er på tide at staten fylgjer upp attendegangen for samnorsken og nyttar god og sermerkt nynorsk.

Alt i alt var det eit godt årsmøte som peika frametter. Sendemennene kunde kosa seg med fersk fisk til årsmøtemiddagar både laurdagen og sundagen. Ei stor takk må rettast til Henny og Per Torheim som var eit framifrå vertskap.

Fråsegn frå årsmøtet i Vestlandske Mållag:

Styrk det høgnorske alternativet!

Årsmøtet i Vestlandske Mållag helsar velkomi avgjerdi um å skipa av samnorsk-paragrafen i Lov um Norsk språkråd. Dette må føra til at dei tradisjonelle nynorskformene, ikkje minst i-målet, vert styrkte i det nynorske målet. Med dette fær me eit større skil millom bokmål og nynorsk, som kjem til å hevja kvaliteten på skriftleg nynorsk. Samstundes oppmodar me styremaktene um å verta meir medvitne um sin eigen målbruk i samsvar med eigne vedtak. Med det meiner me at styremaktene bør nytta ein sermerkt nynorsk.

Årsmøtet i Vestlandske Mållag
Borkne, 29. juni 2002

Gode nynorskbøker til sals

Theodore Slette: Norsk-engelsk ordbok (1977), 1326 sidor, stort og sermerkt norskt ordtilfang – umissande for filologar og skriveglade nynorskingar. Ny slitesterk innbinding, kr 200,-.

Asgeir Olden: Juridisk ordliste (1987), frå bokmål til nynorsk, siste resten av 3. opplaget, 94 sidor, full av gode norske avløyसारord. Kr. 80 pr. bok. NB! Berre fåe næme att.

Eg vil so gjerne syngja – ny songbok med klassiske songar, utgjevi i november 2001. Tradisjonell rettskriving i songane. Utval og notar ved Arild Torvund Olsen, 88 sidor, kr. 100. Kjøp gjerne fleire bøker, me gjev avslag. Frå og med 10 bøker kr 80,- pr. bok, f.o.m 100 bøker kr 60 pr. bok. Ei framifrå bok til allsong på møte, festar og andre samkomor.

Frakt kjem i tillegg til bokprisen.

Tinga frå oss:

Skuleboknemndi åt Studentmållaget i Oslo

Grensa 8

0159 OSLO

E-post: tinging@runbox.com / Tlf: 22 42 63 00

35 år fær vera nok

Av Olav Torheim

Den rørsla som Ivar Aasen med sin estetiske sans og grammatikalske logikk lagde grunnlaget for, hev sidan 1967 vore «okkupert» av autoritære sosialistar og andre maksimumsradikalarar frå ykste vinstre. Er det rart det gjeng til atters med målreisingi her i landet?

Mange nordmenn hev eit nært tilhøve til den nynorske litteraturen og songskatten. I den nynorske bokheimen gøymer det seg mang ein skatt og rike kulturupplevingar. Diverre hev ikkje dei som skulde varveitsla og verna um denne arven stødt vore like glupe. Sidan Noregs Mållag på slutten av 60-talet lanserte «Målreising 1967»-programmet, hev Noregs Mållag sokke lenger og lenger ned i den sterile hengjemyri åt sosialismen. Det som byrja so idealistisk og visjonært i 1906 med skipingi av Noregs Mållag, stend i dag att som ein stivbeint og byråkratisk murkloss der målsaki stødt lyt måstast etter det AKP-arane i si tid kalla for «dagskrava». No seinast med fråsegnen um palestinsk stat.

Noregs Mållag segjer at dei er uroa for det språklege og kulturelle mangfeldet i Midausten-regionen. Det er me fleire som er. Millom anna ottast me for fylgjone ein palestinsk stat kann få for det språklege og kulturelle mangfeldet på Vestbarden og Gaza, og då serskilt i historisk fleirkulturelle byar som til dømes Hebron. Det er helder ikkje til bate for målmangfeldet at Arafat-regimet hev

innført vidfemnande restriksjonar i ytrings- og prentefridomen i dei sjølvstyrde valdi, slik millom anna Amnesty International og Human Rights Watch hev ettervist i ei rad rapportar.

Det arbeidet Israel hev gjort for å integrera både arabarar og jødar frå alle verdsens kantar, stend i ei historisk serstoda. Israel hev greidt å byggja upp nett det multikulturelle samfundet som krafter i Mållaget ynskjer å importera til vårt eige land (i motsetnad til Jaffa-appelsinar og Carmel-potetor, sjå sjølv på www.boikottisrael.no der Norsk Målungdom er med). Um Noregs Mållag fyrst skulde hava nokor meining um det som hender i Midausten, burde dei setja seg inn i det storverket som Eliezer Ben-Jehuda og dei hine hebraiske målreisarane hev gjeve oss. Dei makta det målfolket i Noreg aldri var i stand til, dei reiste upp att eit mål som alle trudde var daudt. Denne saga ligg det sprengstoff i!

Diverre er det likt til at Noregs Mållag helder reknar den israelske målreisingi for ei uhyggjeleg påminning um det heilt rangsnudde i den politikken dei sjølvne fører. Då er det betre å melda seg på heilagjengen åt dei 300 millionar arabarane i kampen mot det einaste demokratiet i Midausten. Allah Akbar, her kjem Mållaget!

Fråsegn frå landsmøtet i Noregs Mållag 28.4.02

Røter i eige språk, eigen kultur og eigne tradisjonar gjev folk tryggleik og eit godt grunnlag for eit likeverdig hopehav med andre. Dette slår òg prinsipp-programmet til Noregs Mållag fast. Difor stør Noregs Mållag tiltak som styrkjer og vernar om språkleg og kulturelt mangfald i andre land. I dag blir tryggleiken og grunnlaget for fredeleg sameksistens teken frå dei som bur i Israel og Palestina.

Palestinarane blir mellom anna nekta retten til utdanning, noko som hindrar palestinarane å styrkja eige språk og eigen kultur. Landsmøtet i Noregs Mållag er uroleg for denne undergravinga av palestinsk sjølvråderett.

Noregs Mållag stør fråsegnene frå dei Sameinte Nasjonane om Israel og Palestina som mellom anna gjev palestinarane rett til eigen stat innanfor grensene frå 1967.

For meir informasjon:

Vidar Lund, leiar i Noregs Mållag,
402 11 624 (m)
Hege Lothe, informasjonskonsulent,
926 48 348 (m)

Last ned bilete av Vidar Lund,
nyvald leiar i Noregs Mållag.
<http://www.nm.no>

Timberkøyraren

Hu hei på sledemei
Kaldan sno gjennom dalen so brei
Det gniksar og gnell,
Det knakar og smell,
I morgonen grå og grell.

Den aldrande kar
velrøynd og hard.
Tek timber or lunn,
ved Elvestølbrunn.
Lesser med spak,
stø og årvak
«No Blakken farr,
sjå du æ karr».

Rimgrå gubbe på timberlass,
Høysekk, kjetting og øksa på plass.
I mjellsnø og føyk,
med skarpsnodde øyk,
langs surklande elv,
under islagde kvelv,
der jøkular storknar og svell.

Blakken er yr,
etter kvild innpå myr.
Renner i tan,
under snøtunge gran,
med ringlande bjølla,
i singlande kjølda,
og rimgrå gubbe på timberlass.

Trygve Orheim

Tvo målreisarar

«Eit gagnleg utgangspunkt er då det faktum som alt har vore nemnt i annan samanheng: at striden mellom våre to mål i sin grunn er meningslaus fordi dei *så sårt treng kvarandre*.»

«Eit slikt framtidsmål er så lokkande at det må vera verdt store offer. Og dit fører det ingen annan veg enn Moltke Moes samarbeidstanke. Endå i dag kan programmet hans gjerast gjeldande nær sagt ord for ord.»

Sigmund Skard i *Målstrid og massekultur* (1963), s. 65 og 67-68.

«Det er snart 40 år sidan Sigmund Skard gav ut *Målstrid og massekultur* (1963) og sette målsaka inn i ein aktuell allmennkulturell samanheng.»

Oddmund Hoel i innleidingsstykket til heftet *Globalisering og språkpolitikk*, som Noregs Mållag hev gjeve ut i år.

B



ISSN-1503-2469

«Sosialt snobberi å krevje bokmål»

Noko um eit skulemålsordskifte i Bjørgvin

Av Anders Moe

Vestlandet vert kalla det nynorske kjerneområdet, men det einaste universitetet i distriktet ligg i Bjørgvin, og den byen er ein riksmålsbastion. Under 15% av studentane der nyttar nynorsk. Ettersom byen veks og bygdene kverv burt, et riksmålet seg utetter, og eg vart litt vonbroten då eg kom til Bjørgvin att for fyrste gong på fem år: det morosame vegskiltet «Kyrkjebyrkjeland» i Nesttun hadde vorte banalisert til «Kirkebirke-land». Det er framleis eit dumt namn, men det var «Kyrkjebyrkjeland» som var til å koma i godt humør av.

På andre sida av byen, i Åsane, går det like eins til. Bergens Tidende melde 27. april at Kyrkjekrinsen skule hadde 36 fyrsteklassingar; 27 bokmålslevar og 9 nynorskelevar. Er det so mykje som ti elevar som krev det, skal det skipast parallellklasse, men logi krev jamvel at det skal vera ti elevar att i den andre klassen; parallellklassen skal hava noko å vera parallell til. Kyrkjekrinsen er ein nynorsk skule, og når det berre er 9 elevar som vil hava nynorsken med godo, lyt resten taka honom med vondo.

Foreldri kann med andre ord ikkje få bokmål av di det er for få av deim som vil hava nynorsk. Kven kann vera usamd i at det er meningslaust? Nei, Bergens Tidende lyt nok spyrja ut professor Willy Dahl, skal det verta noko ordskifte. Professoren bryt ikkje vonene: «Historielaust og erkedumt!» (3. mai). Professoren vil gjerne gisna um kva som fær folk til å tenkja slik:

Etter hans oppfatning [!] handlar ikkje denne debatten om språk, men om

sosialt snobberi og fanatisme, eller i beste fall uvitenheit [fåkunna, AM]. – Dette er sosial markering frå historielause innflyttarar. Det er nesten uhyggelig, når innflyttarar trengjer til side den opprinnelege [opphavlege, AM] historia og kulturen på staden, og dermed også delar av den norske og bergenske historia. Eg kallar det mangel på respekt!

Grunnlaget for desse gisningane um kva folk i Åsane tenkjer, er ikkje nett solid; Bergens Tidende hadde tala med Øystein Lund, ein av federne i Kyrkjekrinsen, 27. april, og det han sagde var: «Ungane kunne like gjerne lært svensk, det hadde i det minste vore nyttig. Nynorsk er ikkje nyttig.» Ikkje mange sosiale omsyn der!

Professoren er ikkje imot sosialt snobberi på eigne vegner; det synte seg i lesarbrevordskiftet som fylgde. I Bergens Tidende 6. mai fekk han svar ifrå Steinar Øksengård, som er formann i det sokalla Bokmålsforbundet. Øksengård var ikkje mykje snobbut: «Selv om professor Dahl ikke tror det, er folk flest faktisk i stand til å tenke på egen hånd.»

Innlegget at professoren kom 16. mai; det var skrive på bokmål. Her fekk Øksengård på pukkelen for at han «ikke kan elementære regler i bokmålet», og for at Bokmålsforbundet er ein rein kamporganisation som ikkje driv nokor kulturverksemd. Dahl kalla nynorsken «arven fra de største internasjonallistene og europeerne i norsk litteratur: Ivar Aasen, Aa. O. Vinje, Arne Garborg, Olav Duun, Tarjei Vesaas, Olav H. Hauge og Kjartan Fløgstad.» Finkulturelle kunstnarar alle i

hop; ingi pornoblad og countrysongarar. Me fekk jamvel det klassiske ordetøket å åndssnobben: «Det er nå engang forskjell på kvantitet og kvalitet.» Det er vanskelig, etter dette, å tru at professor Dahl er nokon prinsipiell motstandar av snobberi.

Er det ein plass sosialt snobberi høyrer heime, er det no òg nett i skulen; me sender borni på skulen av di me vil at dei skal hava høg sosial status, for då fær dei liva vel. Um me vil at dei skal vera folkelege og naturlege, kann me like godt halda dei heime.

For kva var det i røyndi Dahl sagde 3. mai? Um det er sosialt snobberi å krevja bokmål, so fylgjer det logisk at nynorsken hev lægre sosial status. Um det so er slik at nynorsken er tradition i Åsane, so fylgjer det, like so logisk, at Åsane hev lægre status enn Bjørgvin sentrum, og at dette, etter Dahl si meining, er slik det lyt vera. Åsane er jo strileland, og innflyttarane der skal ikkje tru dei er noko; det er det folk i Bjørgvin sentrum som er!

Det er ein fin dualisme i snobberiet hans Dahl; det er eit kulturelt snobberi, som hev vurdnad for den nynorske kulturarven, og eit sosialt snobberi, som ser ned på nynorskbrukaren, og dette finn me heilt attende til måten byborgarskapen tok imot Ivar Aasen. Eg trur foreldri i Åsane hev vurdert stoda rett når dei tek umsyn til det sosiale snobberiet åt Bergenssosietaeten og lèt kultur vera kultur; det er det sosiale snobberiet som avger um borni skal få arbeid eller ikkje.

Næste nummer av Målmannen kjem i månadsskiftet september – oktober.

Til då ynskjer me lesarane ein god ettersumar!

Attende til: Målmannen, Postboks 49 Blindern, 0313 Oslo

Sluttordet:

Vit er vesalmanns trøyst

Or Håvamål